

«SOA\_NAVN»

Landbruks- og matdepartementet  
Postboks 8007, Dep

0030 OSLO

*Sakshandsamar: Henry Ranestad dir tlf: 57 81 61 23*

*Vår ref. HR/08/147-3/K2-V60*

*Dykkar ref:200800216-/IAA*

*Dato: 02.05.2008*

---

## **HØYRING: ENDRING I ODELSLOVA, KONSESJONSLOVA OG JORDLOVA. BESTEMMELSER OMBU - UTTALE.**

Syner til dykkar høyrings sak. Saka er drøfta politisk hos oss i Komitè for landbruk, teknikk og miljø, der administrasjonen har fått visse førande signal og fullmakt til å gje slik uttale:

- Naustdal kommune konstaterer at LMD sitt framlegg til endring av Odelslova ikkje legg opp til dei omfattande endringane av denne lova som det Odelslovutvalet sitt fleirtal la fram i 2003.
- Kommunen ser det som positivt at det skjer ei samordning mellom dei ulike lovverk. Særleg gjeld dette arealgrensene.
- Kommunen ser det som positivt at reglane for buplikt blir knytt til meir presise kriterier (arealgrensar) og at avviket frå hovudregelen blir fjerna (jfr. Rundskriv M-2/2004, pkt. 8.2.2.2.). (Men som verkemiddel for å få til meir bebudde landbrukseigedomar kan det stillast spørsmål om verknaden. Skal grendene bli meir bebudde, er dette avhengig av politiske verkemiddel som gjer det attraktivt å bu på eigedomane.)
- Det er naturleg at driveplikta vert heimla i Jordlova, og at denne ikkje vert avgrensa til 5 års eigartid. Kommunen støttar også framlegget til ny § 8 a.
- Oppsummert gjev endringsframlegga ei viss forenkling i det samla lovverket. Men kravet til landbruksfagleg kompetanse vil bli minst like høgt som før, noko som allereie no er eit problem for ressursvake kommunar. Tal saker vil neppe minke.

Med helsing

Henry Ranestad  
rådgjevar landbruk, teknikk og miljø

